



## Notat

Dato: 31.03.2014  
Arkivsak: 2014/14561-1  
Saksbehandlar: einhuns

---

**Til:** Per Nordmark, Helene Jensen Lien

---

**Frå:** Einar Aalen Hunsager

---

### Innspel til regionalplan senterstruktur: ladeinfrastruktur

For å nå planens mål 6.1 «Sentera skal vere tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport i og til sentrum» ønskjer Klima- og naturressursseksjonen å utdjupe trongen for ladeinfrastruktur i senter. I tråd med FUV-vedtak [240/13](#) frå 30.10.13 og utkastet til [Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030](#) (sendt på høyring etter FUV-vedtak 31/14 frå 19.02.14) foreslår vi følgjande tilføyningar:

1. **Eige delmål null- og lågutsleppsbilar** (i tråd med strategi D for transport og arealbruk i klimaplanen, side 46):

Sentrum skal vere tilrettelagt for overgangen til låg- og nullutsleppsbilar.

2. **Underpunkt «Parkering»** (sjå strategi D17, D19, D20 i klimaplanen, side 46):

Tilgjengeleg ladeinfrastruktur i sentrum er naudsynt for å mogleggjere transport med låg- og nullutsleppsbilar i kommunal teneste, og særskilt der kollektivtilbodet ikkje strekk til.

3. **Retningsliner for biltransport** (sjå punkt 3 i FUV-vedtak 240/13 og punkt 5.2.3 i klimaplanen, side 44):

I parkeringsanlegg, i gateparkering og ved større arbeidsplassar skal 20% av parkeringsplassane vere tilrettelagte og reservert for ladbare bilar. Kommunale planar skal ta opp krav om at utbygginga av ladeinfrastrukturen skjer i takt med etterspurnaden, særskilt ved byggeløyve og nye reguleringsplanar. Om hydrogendrevne bilar vert ein vesentleg del av låg- og nullutsleppsbilparken, må også infrastrukturen for desse byggast ut regionsentra.

4. **Retningsgivande standard for tilbodet** (sjå FUV-vedtak 240/13 og strategi D i klimaplanen, side 46):

Senternivå	Hydrogenbilar	Ladbare bilar hurtig	Ladbare bilar normal
Fylkessenter	Hydrogenfylling	Vanlegvis køfri hurtiglading	20% normallading for parkeringsanlegg, gateparkering, offentlege parkeringsplassar og ved større bedrifter

<b>Regionsenter</b>	Evt. Hydrogenfylling	Vanlegvis køfri hurtiglading	20% normallading for parkeringsanlegg, gateparkering, offentlige parkeringsplassar og ved større bedrifter
<b>Bydelssenter i Bergen</b>		Evt. semihurtiglading	20% normallading for parkeringsanlegg, gateparkering, offentlige parkeringsplassar og ved større bedrifter
<b>Kommunesenter</b>		Vanlegvis køfri semihurtiglading	20% normallading for parkeringsanlegg, gateparkering, offentlige parkeringsplassar og ved større bedrifter
<b>Lokalsenter</b>			Tilgjengeleg normallading i tråd med etterspurnaden
<b>Nærsenter</b>			Tilgjengeleg normallading

Til orientering har i augneblinken alle regionsenter installert hurtiglading. I Bergen planlegger vi «Grønt energipunkt Danmarks plass» med både hydrogenfylling og køfri hurtigladedestasjon. Dessutan lyser vi ut middel til bygging av normalladeinfrastruktur i burettslag/bustadsameige og kommunane.

Kopi til:  
 Per Hjalmar Svae  
 Jan Nordø  
 Gudrun Mathisen